

Helse- og omsorgsdepartementet

Postboks 8011 Dep
0030 Oslo

Vår ref.:
2008/154 - 452/2009

Deres ref.:

Saksbehandler:
Gjertrud Jacobsen, 51 96 38 13

Dato:
04.03.2009

Statusrapport - gjennomgang av nasjonale tenester

Vi viser til oppdragsdokument for 2008 og 2009 til dei regionale helseføretaka, og brev frå Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) av 17.03.08. Dei regionale helseføretaka blir bedt om å vurdere kva for nasjonale tenester som bør vidareførast og kva som kan avviklast og behovet for nye tenester. Vi viser og til vårt brev til HOD datert 29.10.08 med status for RHF-a sitt arbeid med gjennomgang av nasjonale tenester. Vedlagt følgjer statusrapport for arbeidet så langt.

RHF-a har etablert eit prosjekt for dette arbeidet og på bakgrunn av føringar i brevet frå HOD av 17.03.08 har prosjektet etablert kriterium for etablering, endring og avvikling, resultatkrav og samansetning av og mandat for referansegrupper knytt til tenestene. Det er også utarbeid ein mal for vurdering av dei enkelte tenestene til den konkrete gjennomgangen. Resultatkrava er utforma på ein slik måte at dei kan integrerast i gjeldande rapporteringssystem som allereie er etablert og som skal nyttast av alle RHF.

Det er i arbeidet semje om prinsipp for korleis ei konkret vurdering av tenestene skal gjennomførast og ei avklaring av kva for tenester som skal vurderast på ein enkel måte (gruppe A), kven som treng ein meir grundig gjennomgang (gruppe B) og kven som vil bli gjenstand for ein full gjennomgang med nedsetting av utgreiingsgrupper (gruppe C). Saksbehandlingsprosessane A, B og C er omtalt i vedlagte statusrapport.

Prosjektet er i ferdi med å etablere ei nettside i høve til søknad om nye tenester. Her vil all relevant informasjon bli lagt ut for dei som ønskjer å søke om nye tenester. Det blir stilt krav om at alle nye søknadar skal sendast gjennom aktuelt RHF og at eventuelle gamle søknader som ikkje er vurdert må sendast inn på nytt.

RHF-a har gjennom sine representantar informert dei regionale brukarutvala om prosjektet. Vidare vil brukarrepresentantar blir invitert med i utgreiingsgruppene som skal vurdere tenestene som blir plassert i gruppe C.

Prosjektet har til nå ikkje gjort konkrete vurderingar i høve til kompetansesentra for sjeldne og lite kjende funksjonshemningar. Det er etablert kontakt med aktuell avdeling i Helsedirektoratet som vil bidra til prosjektet med faktagrunnlag.

Det er gjort ei første vurdering av ei rekke tenester og desse er merka i vedlegg fire til statusrapporten. Her går det fram kva for tenester som er tilrådd vurdert i gruppe A, B og C. Under er det synleggjort kva for tenester som det er semje om skal vidareførast med mindre endringar og kva for tenester som bli tilrådd avvikla.

Landsfunksjonar:

I **gruppe A** er det ni landsfunksjonar som blir tilrådd vidareført med små justeringar og to funksjonar som blir tilrådd avvikla. I **gruppe B** er det ni landsfunksjonar som blir tilrådd vidareført etter avklaring. Dette gjeld følgjande funksjonar:

Landsfunksjon	Avklaring	Tilråding
Gruppe A		
Barnehjertekirurgi	behov for mindre endringar eller klargjering	Vidareført gruppe A
Brannskadebehandling	behov for mindre avklaringar	Vidareført gruppe A
Cochleaimplantat hos barn	behov for betre avklaring av ansvar	Vidareført gruppe A
Epilepsikirurgi	behov for å samordne med landsfunksjon for utgreiing	Vidareført gruppe A
Epilepsikirurgi – utgreiing	behov for å samordne med landsfunksjon for kirurgi	Vidareført gruppe A
Kraniofacial kirurgi	behov for referansegruppe som kan avklare avgrensing og innhald i landsfunksjonen	Vidareført gruppe A
Organtransplantasjonar	det blir tilrådd å opprette ei referansegruppe for kvar type organtransplantasjon	Vidareført gruppe A
Transseksualisme GID	behov for navneendring	Vidareført gruppe A
Trombocyttimmunologi avansert	blir tilrådd vidareført	Vidareført gruppe A
Keratopoteser	Svært få pasientar – evt. behov kan handterast utan landsfunksjon	Avvikla gruppe A
Perfusjonskjemoterapi	Delen som gjelder behandlingsmetoden Isolated Limb Perfusion foreslås avvirket. Delen som gjelder Hyperterm intraperitoneal kjemoterapi vert tilrådd utgreid i gruppe C	Avvikla gruppe A og utgreiing i gruppe C
Gruppe B		
ABC-skader	Behov for avgrensing og innhald i funksjonen	Vidareført gruppe B
Bløderkirurgi	Behov for avgrensing av innhald og korleis kompetansesenterfunksjon skal handterast	Vidareført gruppe B
Cerebrale arterieveinose malformasjonar	Behov for avklaring av korleis pasientane bør behandlast sidan kirurgi er tilgjengelig i alle RHF	Vidareført gruppe B
Glaukom medfødt	Funksjonen er i dag sårbar – må gjerast meir robust	Vidareført gruppe B
Hyperbarmedisinsk behandling – elektiv	Behov for avklaring om deler av behandlingstilbodet er etablert eller utprøvande behandling	Vidareført gruppe B
Hypoplastisk venstre hjertesyndrom medfødt	Behov for avklaring og samordning med landsfunksjon for barnehjertekirurgi	Vidareført gruppe B
Replantasjonskirurgi	Behov for avklaring av oppgåver og forhold rund transportavstand/tid	Vidareført gruppe B
Revmakirurgi hos barn	Kunnskapsgrunnlag må vurderast	Vidareført gruppe B
Strålekniv	Behov for avgrensing eller klargjøring i forhold til indikasjonar/indikasjonsgrenser	Vidareført gruppe B

Fleirregionale funksjonar:

I **gruppe A** er det ein funksjon som blir tilrådd vidareført og ein avvikla. I **gruppe B** er det tre funksjonar som blir tilrådd vidareført. Dette gjeld følgjande funksjonar:

Fleirregional funksjon	Avklaring	Tilråding
Gruppe A		
Leppe-kjeve-ganespalte	Referansegruppe bør handtere utfordringar peika på av Helsedirektoratet	Vidareføring gruppe A
Sædbank	Er etablert fleire stader	Avvikla gruppa A
Gruppe B		
Neonatakirurgi	Behov for avklaringar og samordning mellom sentra	Vidareføring gruppe B
Allogen benmargstransplantasjon		Vidareført gruppe B
Intersex	Behov for avklaring rundt organisering, evt. utanlandsbehandling for nokon pasientar og samordning av dei to sentra	Vidareført gruppe B

Nasjonale kompetansesentra:


Tre nasjonale kompetansesentra blir tilrådd vidareført og to blir tilrådd avvikla. Alle desse er plasser i gruppe A. Dette gjeld følgjande kompetansesentra:

Nasjonalt kompetansesenter	Avklaring	Tilråding
Gruppe A		
Antibiotikaresistens	Tenesta bør knytast så tett som mogleg opp mot dagleg klinisk verksemd	Vidareføring gruppe A
Geriartri, formidlingssenter	Senteret er lagt ned	Avvikla gruppa A
Kreftbehandling, langtidseffekter	Klargjøring – senteret må også dekke andre område enn forskning	Vidareføring gruppe A
Laparoskopisk kirurgi, avansert		Vidareføring gruppe A
Legevaktmedisin	Er ikkje del av spesialisthelsetenesta verken organisatorisk, økonomisk eller fagleg	Avvikla gruppe A
Solide svulstar hos barn	Behov for å styrke forskingsaktivitet	Vidareføring gruppe A

I forhold til dei tenestene som er tilrådd lagt ned er det semje om dette i RHF-a, og har vore drøfta i regionalt møte for dei administrerande direktørane. Det har ikkje vore tid til å gjennomføre høyringsprosessar til dømes i forhold til universiteta knyt til dei konkrete forslaga om nedlegging. Dette vil det bli lagt opp til før endeleg leveranse i oktober 2009 jf. oppdragsdokumenta for 2009.

Det vil bli orientert om prosjektet i Nasjonalt råd for kvalitet og prioritering 20. april 2009.

Med helsing



Herlof Nilssen
administrerande direktør

Vedlegg: Statusrapport med vedlegg